

Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 28.11.2017

ORIENTERINGAR, SPØRSMÅL OG OVERSENDINGSFORSLAG

Representanten **Gustav Bahus (FrP)** tok opp spørsmål om å etablere 50-100 meter rekkverk ved gangveg langs Skeieflaten, i kryss Skeismyra. Spørsmålet vert oversendt Statens vegvesen for vidare handsaming.

Representanten **Stein Inge Ryssdal (H)** orienterte kort om Trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland som vart halde 17. november 2017. Det vart lagt fram forslag om at filmen som prisvinnaren no arbeider med kan kunne nyttast i FTU sitt trafikksikringsarbeid ved seinare høve.

Utvalet drøfta refleksbruk og haldningsskapande tiltak rundt refleks. FTU sendte følgjande oversendingsforslag til fylkesrådmannen for vidare handsaming:

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) ber fylkesrådmannen om å utstyre elevane i vidaregåande skule med tydeleg refleksmerking på skulesekkane som vert utdelt for ettertida. FTU ønskjer at det på neste møte vert ei orientering om rammene for innkjøp av skulesekkane, og korleis FTU kan arbeide vidare med dette.